

Saksbehandler: John-Fredrik Rognsvaag

Rådmann:

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
010/21	Kommuneplanutvalget	20.04.2021

Høring planprogram samfunnsdel 2022-2034

Rådmannens forslag til vedtak:

1. Kommuneplanutvalet vedtar forslag til planprogram og kunngjør oppstart av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel, jf. Plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.
2. Kommuneplanutvalet legg kunngjøring av oppstart og forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn med minst 6 ukers frist for å gi uttale, jf. Plan- og bygningslova §11-12.

Kommuneplanutvalget 20.04.2021:

Behandling:

Planprogram, foreslått av Randi Iren Rettedal, Fremskrittspartiet

Tillegg til rådmannens forslag til vedtak:

- Kommuneplanutvalget ber om at det settes mer fokus på hvordan møte en økende aldrende befolkning og økende helseutfordringer i tida framover.
- Kommuneplanutvalget ber om at skuleutvikling bli fokusert
- Kommuneplanutvalget ber om at det settes fokus på språk, og vurderer å utarbeide en språkplan

Randi I. Rettedal (FrP) sitt tilleggsforslag fikk en stemme. Randi I. Rettedal (FrP).

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

KPU- 010/21 Vedtak:

1. Kommuneplanutvalet vedtar forslag til planprogram og kunngjør oppstart av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel, jf. Plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

2. Kommuneplanutvalet legg kunngjering av oppstart og forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn med minst 6 ukars frist for å gi uttale, jf. Plan- og bygningslova §11-12.

Saksutgreiing

Samandrag

Tysvær kommune står over for utfordringar som krev at kommunen må tenka og handla smartare og med betra ressursutnytting i tida framover. Kommunen må fokusera på korleis ein skal lykkast i arbeidet med å framleis ha god kvalitet i tenestetilbodet, bidra til å styrka næringsutvikling og ha ei god samfunnsutvikling.

Skiftet mot ei berekraftig samfunnsutvikling stiller store krav til rolla til kommunen som demokratisk arena og samfunnsutviklar. Lokaldemokratiet som perspektiv handlar i stor grad om kva rolle innbyggerinvolvering, samskaping og styrking av fellesskapet får i åra framover. Allereie i arbeidet med planprogrammet har det vore eit stort fokus på medverknad. Både i form av digitalt innbyggjarpanel, dialog med frivilligheita og næringslivet. Kommuneplanutvalet og dei kommunale råda har og vore involverte i utarbeidinga av satsingsområda til samfunnsdelen

Medverknad og samskaping vil vera ein sentral del av prosessen vidare i utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel, og i det vidare daglege arbeidet i Tysvær kommune. Tysvær kommune vil bruka dei tre berekraftsdimensjonane og dei 17 berekraftsmåla som ei ramme for satsingsområda dei neste 12 åra.

Resultatet av medverknadsprosessane har gitt følgjande satsingsområde:

- **Saman om ein ansvarleg økonomi**
- **Saman om ein lokal og regional næringsutvikling**
- **Saman om ein aktiv og inkluderande kommune**
- **Saman om ei grønare utvikling**

Ved å bruka **“saman om”** viser kommunen viktigheita av at samarbeid og samskaping er sentralt innan alle satsingsområda.

[Her er planprogrammet](#)

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Tysvær vedtok i kommunal planstrategi 2020-2023 å revidera kommuneplanens samfunnsdel i planperioda.

Tysvær kommune skal laga ein ny samfunnsplan som skal gjelda for dei neste 12 åra. Samfunnsplanen er Tysvørsamfunnet og kommunen som organisasjon si viktigaste overordna plan. For å laga ein relevant og nyttig plan er det viktig at flest mogleg i kommunen er delaktige med innspel til samfunnsdelen. Planen set mål for kva lokalsamfunn vi ønsker å ha i 2034, og kva strategiske verkemiddel kommunen vil bruka for å nå dei.

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire

følgjande åra eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen etter [kommunelova § 14-2](#) bokstav a kan inngå i eller utgjera handlingsdelen.

For kommuneplan skal det utarbeidast planprogram etter reglane i § [4-1](#). Planprogrammet skal gjera reie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, spesielt i forhold til grupper som blir antatt å bli særleg rørt, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet, og gjerast elektronisk tilgjengeleg på nett. Fristen for å gi innspel skal vera minst seks veker.

Planprogrammet beskriv:

- Formål og mandat for arbeidet.
- Rammer og føringar.
- Framdrift, organisering og medverknad
- Satsingsområda.
- Arealstrategi og utbyggingsmønster.

Konklusjonen i rådmannen

Rådmannen meiner at dei satsingsområda som er foreslått i planprogrammet vil imøtekomma dei nasjonale, regionale og kommunale utfordringane ein står ovanfor i åra framover. I tillegg meiner rådmannen at FN's berekraftsmål må ligga til grunn for alle avgjerder framover.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

[Løyve om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)

[Andre del: Plandel](#)

[IV. Kommunal planlegging](#)

[Kapittel 11. Kommuneplan](#)